



## Notat

Dato: 16.06.2015  
Arkivsak: 2014/20686  
Saksbehandlar: ingskei

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Bompengerekneskap 2014 for Halhjem - Sandvikvåg**

#### **E39**

I ferjesambandet Halhjem - Sandvikvåg har det i perioden 2002-2012 vorte kravd inn bompengar til utbetring av E39 over Stord. Prosjektet skulle finansierast med 50 % bompengar og 50 % statlege løyvingar.

I løpet av 11 år er det kravd inn 192,2 mill. kr.

Statens Vegvesen rekvirerte 9 mill. kr til prosjektet i 2014. Totalt er det overført 135 mill. kr frå bompengeselskapet til Statens Vegvesen.

Inklusive renteinntekter står det igjen 63,5 mill. kr til disposisjon pr. 31.12.2014.

#### **Fv. 545**

Med heimel i Prop. 149 S (2011-2012) er det kravd inn bompengar i 2013 og 2014 til å finansiere opprusting av fire delstrekningar på fv. 545 på vestsida av Stord.

Stortinget godkjende i desember 2014, Prop. 32 S (2014-2015), at innkrevjinga skal halde fram i ytterlegare 2 år. Dermed vert det rom for eit nytt prosjekt, utbetring av strekninga Sagvåg bru – Sagvåg sentrum. I tillegg kan ein heva standarden på nokre av strekningane som var med i den første planen.

Totalkostnad er 114,5 mill. kr (2013 kr). 97 mill. kr skal finansierast med bompengar.

Bompengteinntektene var 25,57 mill. kr i 2014, ein auke på 6,9 % i høve til 2013. Trafikkveksten var 2,9 %.

Statens vegvesen har rekvirert 8,9 mill. kr i 2014. Rekneskapen viser eit forbruk på knapt 0,6 mill. kr. Inklusiv renteinntekter står det 41,0 mill. kr til disposisjon pr. 31.12.2014.

## Rekneskapstal for 2014 og 2013:

	2014	2013
<b>Utgifter</b>		
Overført vegkontoret	17 900 000	
Innkrevjingskostnader	624 480	245 306
Avsett til fond	10 002 636	26 002 875
<b>Sum</b>	<b>28 527 116</b>	<b>26 248 181</b>
<b>Inntekter</b>		
Bompengeinntekter	25 573 556	23 930 494
Renteinntekter	2 953 560	2 317 687
<b>Sum</b>	<b>28 527 116</b>	<b>26 248 181</b>
<b>Balanse</b>		
Overført vegkontoret	143 900 000	126 000 000
Kortsiktige fordringar	1 802 660	1 690 505
Bankinnskot	102 691 451	92 800 970
<b>Sum aktiva</b>	<b>248 394 111</b>	<b>220 491 475</b>
Bunde investeringsfond	104 494 111	94 491 475
Kapitalkonto	143 900 000	126 000 000
<b>Sum passiva</b>	<b>248 394 111</b>	<b>220 491 475</b>